



Kyrkjelydsblad  
for  
Arna



NR. 3

APRIL 1995

28. ÅRG.



*Konfirmantene i Ytre Arna Kyrkje 1994*

# Konfirmasjon

«Hald du fast på det du har lært».

2. Tim. 3,14

Konfirmasjonsdagen står for døra. Invitasjonane er gått ut. Gudstener og familiesamkomer er planlagt. Det er litt av kvart som skal ordnast i heimane både av det som folk skal ha på seg og i seg.

Vi som er *FORELDRE* til konfirmantane gler oss. Det skal bli ein god og fin høgtidsdag då vi samlast kring ungdomane våre.

Konfirmasjonsdagen er ein festdag med innhald og retning for livet vidare for oss alle. Slik som vi kom med dei til kyrkje for 14. år sidan, fylgjer vi dei til altarringen på konfirmasjonsdagen. Simon Finn Devold har sagt: «Jeg er skremt av at samfunnet er så likegyldig til religion. Jeg har ikke møtt noen representant fra andre religioner som er imot kristendomsundervisning. Vi må ikke bare gi barna ting, men et åndelig fundament å stå på. Gi dem en himmel over seg og noe å tro på.» Ja, det er det. Vi minnst orda frå døypefonten då dei vart merkt med krossmerket — «til vitnemål om at du skal tru på den krossfesta og oppstandne Jesus Kristus.»

**KONFIRMANTAR!** Vi som er konfirmantlærer og vi som er for-

eldre, vil ynskje det beste for dykk. «Hald fast på det du har lært.» «Kva har vi lært?» tenkjer du kanskje. Gudstener, konfirmanttimar, Keryx, Y. ungdom, bibelspel, grupper — har ein lært noko? Kanskje litt om kva tru er for noko. Kanskje litt om korleis ei kan halde fast på trua, korleis den kan bli fast for ein. At det fundamentale for trua er Jesus sjølv. At det er han som gjev ein tru på seg. Det var slik læresveinane kom til tru på den oppstandne. Han møtte dei. Han var truverdig. Det var ikkje til å koma forbi. Det er når vi held oss nær til han at han viser oss at han er å stole på.

Det å halda avstand til Jesus er ikkje å leva utan tru. Truslivet vert berre fylt av andre ting. Det som er «inn», eller det som passar ein. Sjøvlaga tru er ikkje særleg slitesterk når det kjem til stykke.

Eg ynskjer for oss alle at konfirmasjonsdagen vert ein dag som styrkjer vår tru. Framfor alt ynskjer eg at det ikkje vert ein endestasjon for kristentrua for nokon av konfirmantane, men ein stasjon på reisa vidare med Jesus så han kan gi trua vekst og mogning.

**Kjell Nese**

*Generalsekretær Alf Danbolt:*

## «Ta ansvar for søndagsskulen»



*Generalsekretær Alf Danbolt*

— Talet på søndagsskuleborn har gått tilbake etter krigen. Men dette talet må sjåast i høve til barnetalet elles i samfunnet, og då er ikkje tilbakegangen så stor. Fyrst frå 1994 kan vi konstatera ein reell tilbakegang, fortel generalsekretær i Norsk Søndagsskuleforbund, Alf Danbolt. Han var hovudtalar for Søndagsskuleforbundet sitt krinsmøte i Arna 1. og 2. april. Då hadde det gått 55 år sidan krinsmøtet sist vart halde i Arna.

TV-sendingar for born søndag morgon kan vera ei av årsakene til at mange born

ikkje lenger dreg på søndagsskulen. I dag er ofte begge foreldra ute i arbeid, og søndagen vert for mange ein familiedag, då dei gjerne tek det litt med ro og ligg lenger enn elles i veka. Nokre søndagsskular har med godt resultat endra tidspunktet for søndagsskulen til søndag ettermiddag.

Det finst likevel mange positive trekk ved søndagsskulearbeidet. Dei 7.500 frivillige medarbeidarane er i seg sjølv ein positiv ressurs som er heilt unik. Vi er og inne i ei tid då haldninga til kristen tru og interessa for religiøse spørsmål er i ferd med å endra seg. For 10 år sidan hørde me ofte parolen: Det finst ingen Gud. I dag er det eit heilt anna klima, der folk er meir opne, og dette gjev også enorme voner for søndagsskulearbeidet.

— Men eg vil gjerne koma med ei utfordring, seier generalsekretæren. *Ta ansvar for søndagsskulen.* Det trengst fleire leiarar, særleg fleire menn. I ei tid då mange familiar går i oppløysing, er det vanskeleg å unngå «kvinnesamfunnet». Borna treng og eit mannsmiljø i den lokale søndagsskulen. Borna må få kristne menn å forholde seg til. «Ver med og be for søndagsskulearbeidet!», seier Alf Danbolt til slutt.

## Søndagsskulane i Arna prestegjeld

I Arna prestegjeld er det i dag 10 søndagsskular i arbeid, opplyser formannen i Arna Søndagsskulelag, Svein Mjelde. Til desse søndagsskulane er det knytt 28 arbeidarar, og barnetalet var i 1994 på 198.

Nedanfor fylgjer eit oversyn over dei 10 søndagsskulane:

Arna kyrkje sin søndagsskule. - Arna søndagsskule, bedehuset. - Garnes søndagsskule, Seimsmark. - Hauge søndagsskule, Betania, Lone. - Haugland søndagsskule. - Liatun søndagsskule, Stølsvegen. - Pytten, Ytre Arna. - Romslo og Takvam søndagsskule. - Trengereid søndagsskule. - Ytre Arna søndagsskule.

# FRIGJERINGSJUBILEET

## 8. mai i Arna

Det er gått 50 år sidan krigen var slutt. Dette må markerast både nasjonalt og lokalt. I Arna er det lagt opp til mange arrangement. Ei eiga nemnd har ansvaret for dette. Programmet for fredsfeiringa vert kunngjort i god tid. Ein vonar mange vil slutte opp om tilskipingane kringom. Det gjeld, ikkje minst i skulane. Det er viktig å markera for den yngre garde kva freden er verdt, og kva fridomen har kosta. Vi feirar ikkje freds jubiléet for å hovore over nokon, men for å heidre dei som var villige til innsats, uansett offer, og for å forplikte oss sjølve til å kjempe for dei grunnleggjande verdiar i vår kultur.

Av programmet for fredsfeiringa i Ar-

na tek vi her berre med kransinga av minnesmerket på Rolland over dei russiske krigsfangane som vart skotne der. Dette vert kl. 16.30 den 8. mai. Kl. 17.30 vert det kransing av minnesmerket over dei falne. Som kjent står dette merket ved Arna kyrkje. Kl. 18 vert det fredsgudstene i Arna kyrkje ved biskop Olav Hagesæther som var prest i Arna under krigen, og prestane i Arna. Her vert Arnavågen musikklag, Arne Musikkforening og Trengereid songlag med.

Etter gudstene sta vert det fredsfeiring i Arna kyrkjelydshus med ymse program.

K.N.

## 8. mai 1995

kan folket vårt feira 50-årsminnet for fred og frigjering etter 5 år med krig og okkupasjon

Kl. 12.00 vil alle kyrkjeklokker ringja og heile Noreg stansa i 2 minuttars ettertanke.

Deretter vil dei fleste kyrkjene vera opne for bøn og stille.

**I BØN TIL UD FOR VÅRT FOLK OG FOR LANDET VÅRT MINNEST VI AT KRIG OG FRED I NOREG VIL SEIA:**

— at somme måtte gjeva dette høgste offeret — gjeva livet sitt

Lat oss minnst dei i vordsemd — særleg dei vi sjølve var knytte til.

— at somme måtte leva vidare med store skadar på kropp og sinn

Lat oss tenkja på dei i takksemd og tenkja over kva vi skuldar deira innsats.

— at freden må vinnast på nytt i kvar generasjon

Lat oss forplikta oss sjølve på at samfunnet vårt skal vera fritt for haldningar som kan gjeva grobotn for hat mellom menneske og menneskegrupper

— at vi har fått leva i fred i femti år, i ein periode då andre folk og nasjonar har vore martra av krig

Lat oss forplikta oss til å verka for rettferd og fred — i vårt land og alle stader.

# 50-årsjubileet for frigjeringa

## Minne frå fredsdagane 1945

— Dagane kring frigjeringsdagen 8. mai 1945 har sett sine merke hos alle som fekk oppleva denne storhendinga, seier *Johannes Hope* på Espeland. Han kan fortelja at alt dagane før 8. mai var det mange av sambygdingane som heiste flagget. Han hadde sjølv siste skiftet i Janus-fabrikken om kvelden 7. mai. Då la dei med eitt merke til at flagget gjekk til topps hos Anton Stephansen. Dette tok dei som eit tydeleg teikn på at no var den tyske kapitulasjonen eit faktum. Arbeidarane la resolutt ned arbeidet og gjekk heim. No skulle freden feirast. Dei høyrde aldri noko om at dei hadde teke seg til rettes og gått frå arbeidet før dei skulle.

— Tyrsten var stor etter informasjon om kva som eigentleg var på gang, og noko av det fyrste som stod i hovudet på oss, fortel Johannes Hope, var å få tak i radioen. Ordet gjekk om at kl. 0900 om morgonen 8. mai «opnar butikken». «Butikken» var i dette tilfellet Indre Arna skule. Her hadde tyskarane samla alle rasioapparata som dei hadde tvangsinndrege frå folket i bygda.

Johannes Hope var ein av dei som kasta seg på sykkelen for å henta heim denne høgt skatta gjenstanden. Lensmannen, som hadde vore i embetet under heile krigen, kom i ein vanskeleg posisjon. «Har du fått ordre?» spurte dei han. «Nei, men no deler eg ut», svarta han. Ein tysk soldat som høyrde til den tapande parten, gjekk

rundt og smågret, utan bandolær, avvæpna. Men ingen rørde han, dei tykte heller synd i han.

## FANGAR VERT SETT FRIE

Eitt av høgdepunkta under dei minnerike maidagane i 1945 var den dagen Oslo-toget kom med dei som hadde site i tysk fangenskap under krigen. Kona til Johannes Hope, Margit f. Tunes, hadde to brør som vart tekne under krigen fordi dei lytta ulovleg på radio. På veg inn frå floren etter å ha fått med seg radiosendingane frå London, vart dei tekne av tyskarane. Både Lars og Nils Tunes sat fyrst som fangar på Espeland. Seinare gjekk vegen om Grini til tvangsarbeid i Nord-Noreg. Her vart dei sette på vegarbeid. Mellom medfangane var og seinare biskop i Bjørgvin, Per Juvkam.

— På Garnes stasjon var det stort oppmøte av folk frå heile Skyggestranda. Toget kom sigande inn på stasjonen med flagg og nysprotte bjørkelauv. Passasjerane låg ut gjennom alle glas og jubla og song. Bygdefolket var i stor stemning, mange kledde i bunad og med flagg i hendene. Dei hadde tromma saman eit songkor, og dagen vart feira som ein 17. mai. Med pynta hest og i fjørvoign gjekk så ferda frå stasjonen heimetter til Tunes, der dei to krigsfangane vart tekne imot som heltar, til tonar av «Ja, vi elsker» og med rømmegraut på festbordet.

# Frigjeringsjubiléet 1995

## Arrangement i Arna

### Fotoutstillinga: Frå Arna i krigsåra, v/Arna Sogelag

Utstillinga har frå 01.03. vore vist på dei ulike skulane i Arna. Mandag 8. og tirsdag 9. mai skal utstillinga stå i Kyrkjelydshuset.

Frå onsdag 10. til 20. mai vert utstillinga ståande i Biblioteket i Ytre Arna. I tillegg vil det bli vist ei enkel utstilling av litteratur frå 2. verdskrig og diverse lokale gjenstander frå Arna i krigsåra. Denne utstillinga vert ståande frå 24. april til 20. mai. Begge utstillingane kan sjåast i opningstida: mandag og onsdag kl. 13.00-19.00 og torsdag kl. 09.00-15.00.

### Tirsdag 2. mai

kl. 12.00 Indre Arna:

Fredsmarsj. Arna jernbanestasjon - Rollandskiftet/Russar-monumentet, Minnesmerket v/Arna kyrkje over falne Hausingar.

Arr.: Arna Yrkesskule.

### Laurdag 6. mai

kl. 10.00-13.00 Indre Arna:

Fredsmarsj. Ljoshall - Londalen - Russarmonumentet - Ljoshall. Startgebyr for Fredsmerke.

Arr.: Arna Marsjklubb.

### Mandag 8. mai

kl. 09.54 Trengereid st.:

«Veterantog» fra Voss til Bergen, toget kører forbi Trengereid stasjon.

kl. 10.08 Arna stasjon:

Toget vert ståande på stasjonen frå kl. 10.08-10.32. På begge stadane vil skuleborn møta fram for å hylla veteranane.

kl. 11.30 Ytre Arna:

Elevar og lærarar går i tog frå Ytre Arna skule til Torget der det vert eit kort program.

Arr. Ytre Arna skule.

kl. 12.00 Indre Arna:

Kyrkjeklokkene ringjer.

kl. 16.30 Indre Arna:

Fri buss frå Arna stasjon til Russarmonumentet på Rolland. Etter kransenedlegginga kører bussen til Arna kyrkje.

kl. 16.45 Rolland:

Kransenedlegging på Russar-monumentet. Tale v/Johannes Blindheim. Musikk v/Garnes Skulekorps.

Fanevakter: Birger Ekanger og Sigmund Hetlebakke.

kl. 17.30 Arna kyrkje:

Kransenedlegging på Minnesmerket. Tale v/Martin Risøy, nestleiar i Arna Bydelsutval. Musikk v/Indre Arna Skulemusikklag.

Fanevakter: John Langenes og Sverre Vatle.

kl. 18.00 Arna kyrkje:

Fredsgudsteneste v/biskop Olav Hagesæther, kapellan i Arna under krigen og sokneprest Kjell Nese.

Arnavågen Musikklag/Arne Musikkforening.

kl. 19.30:

Festmøte i Kyrkjelydshuset. Program: musikk v/Eli Johanne Rønnekleiv, song v/Leif Karlsen, opplesing v/Helga Mjeldheim, «Opplevingar som få kjende til» v/Leif Aarli, song v/Trengereid Songlag, helsing v/Olav Hagesæther. Servering av rømmegraut og kaffi: kr. 50,-.

### Tirsdag 9. mai

kl. 18.00-21.00 Ytre Arna skule:

Kulturkveld på skulen. Tema: Krig, fred og fridom. Underholdning, utstilling og kafé. Arne Sangforening og Arne Musikforening.

Arr.: Ytre Arna skule.

kl. 18.00 Trengereid skule:

Bygdekveld. Utstilling.

Arr.: Trengereid skule.

### Onsdag 10. mai

kl. 17.00-18.00 Indre Arna:

Fredsmarsj. Ljoshall - Londalen - Russarmonumentet - Ljoshall. Startgebyr for Fredsmerke.

Arr.: Arna Marsjklubb.

# Konfirmantweekend på Wallemtunet

Helga 24.-26. februar var mesteparten av årets konfirmantar frå Ytre Arna saman på Wallemtunet. Det er Bergen søndags-skulekrets sin leirplass på Kvamskogen.

Været var topp, i alle fall i forhold til i fjor då vi ikkje kom utanfor ei dør heile helga på grunn av rasfare og store vannmengder. Nokre få reiste i Eikedalen på slalom, nokre tok turen til Negerlandsbyen og dei som ikkje var fullt så spreke gjekk til NAF-en eller Jonshøgda, utan ski.

Inne var det litt forskjellig på programmet, både av morro og alvor. I tillegg til presten og ein del frivillige frå kyrkjelyden hadde vi med oss ungdomsarbeidar Arne J. Sæle og sivilarbeidar Per Ivar Kjærgård frå Santalmisjonen. Dei fekk god kontakt med konformantflokken gjennom sitt varierte program med leik, konkurransar, sang og andakt.

Ein av konfirmantane vart 15 år den helga, og vi vart overraska med kake og brus. Koselig og kjempegodt!

Ellers trur eg både konfirmantar og ledarar syntes det var ein fin weekend. Som



*Kos i peisestova med ho som feira gebursdag i forgrunnen.*



*Glimt frå peisestova.*

vanleg på slike weekender vart det litt diskusjon om soving. Det er ikkje så lett når konfirmantane helst ikkje vil sove, og ledarane synest det er behov for litt nattesøvn om dagane skal fungere. Vi prøvde i alle fall å møtes på halvveien. Ein positiv og fin gjeng var det i alle fall.

Det sosiale fellesskapet er viktig ei slik helg, men vi ville også at denne helga, som konfirmanttida elles, skulle hjelpe konfirmantane til å læra Jesus Kristus betre å kjenna. Husk:

Han tek ikkje glansen av livet, den Frelsar som kallar på deg. Fyrst då kan for alvor du leva når han får deg fylgja på veg.



*Ryddingen gjekk med liv og lyst.*

# Pengene eller livet (III)

Av Trygve Johansen

Byen Pompei ble begravd av asken fra vulkanen Vesuv i år 79 etter Kristus. Nå er den delvis blitt gravd fram av arkeologene, og byen gir oss derfor et godt bilde av livet fra den tid.

Veggdekorasjoner og innskrifter forteller om byens innbyggere. I borgen Siricus hus finner vi en mosaikkinnskrift som lyder slik: «Salve Lucrum», som betyr «Leve fortjenesten». Vårt moderne forbrukersamfunn er altså ingen ny oppfinnelse, men det har sine røtter langt tilbake i tiden.

Pengene eller livet er spissformulering. Pengene symboliserer her de materielle verdier, og livet står som symbol for andre livsverdier. Har du tenkt over at det viktigste i livet er gratis? Kjærlighet, vennskap, omtanke, medmenneskelighet og omsorg er verdier som i utgangspunktet ikke koster noe. Selvsagt trenger vi penger for å leve, men i vårt samfunn trenger vi enda mer av kjærlighet og medmenneskelighet. Vi er alle på jakt etter det gode liv, men hvor finner vi det? Stadig færre finner det i de materielle livsverdier, derfor søker mange mennesker andre livsverdier i vår tid. Der de materielle goder blir alt, der blir livet ofte tomt. Når levestandarden blir en avgud, er det fare på ferde både for enkeltmennesket og for folket som helhet. Mennesker i vår tid har erfart at forbrukerulykken ikke har gjort dem lykkelige.

Filosof Arne Næss uttalte en gang følgende: «Det gjelder å verne om de vesentlige tingene i livet og la resten skure.» Hva de vesentlige verdier i livet

er, kan diskuteres, men vi vil her fokusere på de livsverdier som ikke er materialistiske. Hva betyr pengene for den som mangler kjærlighet? Hva betyr de materielle verdier for den som mangler et medmenneske å forholde seg til? Mennesker i vår tid ønsker seg mer av slike livsverdier. Hvorfor velger vi så tingene istedenfor menneskene?

Vårt forbrukersamfunn lar seg ikke forsvare ut fra Skriften. Den amerikanske forfatter og redaktør, Jim Wallis, har undersøkt hvor mye det sto i Bibelen om penger, forbruk, eiendom og fattigdom. Han fant tusenvis av vers som handlet om dette. Halve Det gamle Testamentet handlet om disse tema, hvert sjuende vers hos Lukas og hvert femte vers i Jakobs brev. Skriften viser at overforbruk er synd mot Gud, mot de fattige, mot naturen og mot dem som kommer etter oss. Dypest sett står derfor kirken egen identitet på spill i saken.

Selv om vi vet hva som er rett, så føler vi oss likevel maktesløse til å bryte opp fra forbrukerkulturen. Det er lettere sagt enn gjort å skape forandringer, men forandringene må likevel komme. Å bryte ut av forbrukerkulturen, er for kirken et spørsmål om Bibeltroskap. Når fattige mennesker dør og jorden gisper etter luft, så kan ikke vi fortsette å fylle våre handlekurver til randen. Det vi eier, eier oss, derfor må vi bryte opp.

Artikkelen fortsettes i neste nummer av Kyrkjelydsbladet.

**Konfirmasjon i  
Trenegreid kapell  
30. april kl. 11.00**  
Tordis Vie  
Linn Skulstad Wangen  
Ernst Hansen  
Stian Kvam  
Sverre Skulstad

## **Konfirmasjon i Arna kyrkje 7. mai kl. 10.00**

Beate Andreassen  
Irene Angelskår  
Linda Bjørvik  
Janne Beth Borge  
Michelle Gill  
Hilde Halleland  
Monica Hals  
Karoline Hammersland  
Kristin Haukaas  
Maren Indrearn  
Birgitte Frantzen Iversen  
Trude Johanne Kalland  
Elisabeth Knudsen  
Anette Christin Larsen  
Linn Therese Loftaas  
Elin Myklebust  
Berit-Synnøve  
Osmundsen  
Gunhild Rebnord  
Linda Ronæs  
Siv Toril Rønhovde  
Kjerstin Søilen  
Kristine Tesdal  
Grete Nordbustad  
Torgersen

Thomas Johannes Amble  
Alf Christian Bygnes  
Helge Eikeland  
Marius Opedal Endresen  
Jostein Helgeland  
Einar Hjortås  
Frank Johan Jensen  
Jan Espen Kleivane  
Kristian Mehl  
Kim-Jørgen Mikkelsen  
Cato Mjelde  
Øyvind Nilssen

Kim Tore Rommetveit  
John-Fredrik Grøttem  
Solberg  
Øystein Hunnes Solhaug  
Tom-Erik Taule  
Rune Thunestvedt  
Torstein Fitje Torgersen

## **Konfirmasjon i Arna kyrkje 7. mai kl. 12.15**

Hilde Serin Blom Dahl  
Kristine Faugstad  
Randi Elisabeth Skulstad  
Heggheim  
Kristin Mæland Kvalvåg  
Jannicke Larsen  
Margunn Lyhammer  
Maria Midttun  
Valborg Elisabeth Nese  
Ingfrid Marie Natland  
Næss  
Linda Skistad  
Beathe Christin Ramm  
Stephansen  
Elisabeth Stephansen  
Hilde Sunde  
Linda Merethe Dimmen  
Thunes  
Astrid Marie Torma  
Camilla Helene Vassnes  
Edith Sofie Unneland

Steinar Algerøy  
Asbjørn Arnesen  
Espen Bendiksen  
Hugo Borge  
Kristian Ekren  
Leif Endre Gjelsvik  
Bjørn Ashish Gjerde  
Tor Henrik Nævdal  
Hansen  
Christian Haugsvær  
Stig André Haukeland  
Kai Ivar Larsen  
Trond Minde  
Tom Henrik Mjelstad  
Anders Stang  
Bjørn Egil Sæle  
Øyvind Unneland

**Konfirmasjon i  
Takvam kapell  
14. mai kl. 10.00**  
Eirin Marie Skjøndal  
Sæterdal  
Ronny Kjellesvik

## **Konfirmasjon i Arna kyrkje 14. mai kl. 12.15**

Mariann Bjelde  
Inger Marie Duesund  
Synnøve Heitmann  
Renate Hisdal  
Agnethe Holsen  
Martine Horvei  
Lene Jakobsen  
Anette Johannessen  
Aleksandra Solberg Lien  
Kjersti Mokleiv  
Marte Elen Olsen  
Kamilla Nilsen Oma  
Merete Rosvold  
Sunniva Birgitte Hasselgren  
Skorve  
Connie Solheim  
Kristine Teigland  
Nina Tunestveit  
Anne Kristel Unneland  
Elisabeth Åsheim  
Janne Åsheim  
Bjarte Abildgaard  
Stein Jakob Gimmestad  
Erichsen  
Håkon Follesø  
Kjetil Eldevik Fosse  
Sigve Gunnarskog  
Kristian Haga  
Fredrik André Hansen  
Arne Johan Djønne  
Longvastøl  
Thor-Eirik Lodtz  
Helge Mjelde  
Thomas Mørk  
Jan-Inge Sjurseth Sandal  
Roger Sletten  
Ronny Steinsund

Eirik Skare  
Erlend Ulltang  
Steinar Vedå

**Konfirmantar i Ytre  
Arna kyrkje søndag  
30. april 1995 kl. 11.00**

Askeland, Arne  
Endresen, Tor Henning  
Hanstveit, Ole Arthur  
Askeiland  
Klungland, Øyvind  
Monsen, Thore  
Myhr, Ivan  
Kronen, Magne Sagstad  
Olsen, Svein Arne  
Vågenes, Richard

Bjørnstad, Agnethe  
Fjellanger, Ann-Kristin  
Haugland, Merete Berge  
Kalland, Hilde  
Rolland, Marianne  
Syska, Linda  
Titlestad, Nina

**Konfirmantar i Ytre  
Arna kyrkje søndag  
7. mai 1995 kl. 11.00**

Bernes, Jørgen  
Kronstad, Jan Erik  
McAuley, John Francis  
Sandvik

Pettersen, Tommy  
Rolland, Arne  
Skorpen, Per Jarle  
Hunshamar

Askvik, Kristin  
Christensen, Charlotte  
Eide, Kjersti  
Holmefjord, Karen Anne  
Johannessen, Karianne  
Kalsås, Linda  
Kvalnes, Lena Tangen  
Lid, Lene Charlotte  
Michelsen, Anette  
Bratten  
Nilsen, Maren Sæther  
Pedersen, Ingunn

**Fra side 16**

- 25. mai** *Kristi himmelfartsdag — Luk. 24, 46-53*  
**Haus kyrkje kl. 11.00.** Sokneprest Per Inge Eide, prost Kjell Nese og kap. Trygve Johansen. Kyrkjekaffi. Stemnesamling etter gudstenesta i samband med 1000 års-jubileet for kyrkja i Norge. Ytre Arna og Arna kyrkjekor.
- 28. mai** *6. s.e. påske — Joh. 15, 26-16, 4a*  
**Arna kl. 11.00.** Prost Kjell Nese. Dåp. Takkoffer til kyrkjelydshuset.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Kap. Trygve Johansen. Takkoffer til KFUK/KFUM.
- 01. juni** **Arna kl. 09.00.** Skulegudsteneste for Ådnamarka i samband med 1000 års-jubileet for kyrkja i Norge.  
**Arna kl. 10.30.** Skulegudsteneste for Indre Arna og Unneland i samband med 1000 års-jubileet for kyrkja i Norge.
- 02. juni** **Arna kl. 09.00.** Skulegudstneste for 6. klasse ved Tunes, Lone og Garnes barneskoler og for 7. klasse ved Garnes Ungdomsskule i samband med 1000 års-jubileet for kyrkja i Norge.
- 04. juni** Pinsedag — Joh. 15, 1-11  
**Arna kl. 11.00. JUBILEUMSGUDSTENESTE - 1000 ÅR.** Prost Kjell Nese. Dåp. Nattverd. Arna kammerkor, Arna kyrkjekor og Betania kor. Blåsegruppe tek del. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Tur til Hamre etter gudstenesta.  
**Ytre Arna kl. 11.00. JUBILEUMSGUDSTENESTE - 1000 ÅR.** Kap. Trygve Johansen. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon. Tur til Hamre etter gudstenesta.  
**Trengereid kl. 20.00. JUBILEUMSGUDSTENESTE.** Prost Kjell Nese. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.
- 05. juni** *2. Pinsedag*  
**Tur til Moster i samband med 1000 års-jubileet. Ikkje gudstenester i Arna prestegjeld.**

# Tur til Moster 2. pinsedag

2. pinsedag skipar kyrkjelydane i Arna til tur til Moster i høve 1000 års feiringa for kyrkja i Norge. Ein reknar med at det vert storsamling både 1. og 2. pinsedag på Moster. Det hadde vore fint om mange ville vera med på denne turen. 1000 års minne er det heilt skjeldsynt å feire. det er ikkje dårleg å kunne seia: «Eg var på Moster på 1000 års-jubileet.» Ellers reknar vi med at dette kan verta ei åndeleg beriking og.

Vi må ha ei påmelding. Dei som vil vera med må melda seg til kyrkjekontoret innan fredag 12. mai. Vi har tinga ein hurtiggående skyssbåt med vel 40 seter. Det vil vera ei spesiell oppleving å reisa sjøvegen denne gongen. Det er den gamle riksveg 1. *Dei som melder seg først får forrett til plassane på skyssbåten.* Den reiser frå Arnavågen kl. 07.30 2. pinsedag, og kostar kr. 220 tur-retur. Ellers set vi opp buss.

Det vert ordna med skyssing over Stord, så vi treng ikkje ta bussen på ferja. Dette vert og ein fin tur i pinsen.

Ellers minner vi om at Gudstenestene i Arna prestegjeld gjeld Helgetorsdag vert lagt til Haus kyrkje, og at vi vert saman med Haus kyrkjelyd denne helgedagen. Det vert matserving på kyrkjestaden, og stemnesamling i Mjeldalen etter gudstenesta.

1. pinsedag er det den store jubileumsfeiringa lokalt. Det er jubileumsgudstenester i begge soknekyrkjene i Arna. Etter Gudstenestene reiser vi til Hamre. Der møter vi kyrkjelydane frå heile Arna og Åsane prosti. Dette er ein fantastisk kyrkjestad, - den eldste i heile Nordhordland.

Hjarteleg velkomen til gilde jubileumsdagar ved pinsetid.

**K.N.**

# Asbjørn sluttar som organist

Etter vel åtte år som organist i Arna kyrkje, har Asbjørn Flåm slutta i denne tenesta. Med sikker hand og god sans for kyrkjemusikalske kvalitetar har han spela ved gudstenester og andre kyrkjelege samkomer i Arna. Eit omfattande korarbeid har han og lagt ned i kyrkjelyden, samt tatt initiativ til konsertar i kyrkja.

Siste året har Asbjørn hatt permisjon frå stillinga i Arna, og har arbeidd i tilsvarende stilling i St. Markus kyrkjelyd i Bergen. Han ynskjer å halda fram i St. Markus og har difor sagt opp stillinga i Arna.

Vi har lært Asbjørn å kjenna som ein lun og stillferdig kar som ikkje ønskjer stor blest om eigen person. Difor har han

og bede om at det ikkje blir stelt istand noko offisiell markering i kyrkjelyden i samband med at han no sluttar. Vi vil akseptere dette, men soknerådet vil ordne med ei avskilsgåve som vil bli overrekt i samband med eit møte i soknerådet.

Sjølv om Asbjørn no sluttar i tenesta i Arna kyrkje, vil han framleis bli buande i vår bydel. Det er vi glade for.

Vi takkar deg Asbjørn for det arbeidet du har lagt ned i vår kyrkjelyd og ynskjer deg lukke til på ny arbeidsplass!

*Takk Asbjørn for di teneste i Arna kyrkjelyd!*

For Arna sokneråd  
**Harald Haugsvær**



## NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



### Døypte

#### Arna sokn:

26.03: Tony Sanden Bergstrøm, Helene Martinsen, Sondre Espe Sagstad, Helene Reistad, Alexander Hole Dahl, Mikael Nesse Persson.

#### Ytre Arna sokn:

02.04: Tony Riise.



### Døde

#### Arna sokn:

11.03: Borghild Nodland, f. 1908  
14.03: Sygny Skulstad, f. 1905  
15.03: Robert Jensen, f. 1971

#### Ytre Arna sokn:

14.03: Ludvig Nerdal, f. 1914

#### Arna sokn:

19.03: Kyrkjelydshuset ..... kr. 2.344,-  
19.03: Acta bibelskole ..... kr. 1.516,-  
25.03: Keryx konsert ..... kr. 372,-  
26.03: Arna Barnekantori ... kr. 2.429,-  
01.04: Bergen Sønd.skolekr. kr. 4.898,-  
02.04: Bergen Sønd.skolekr. kr. 5.459,-  
02.04: Bergen Sønd.skolekr. kr. 2.473,-

#### Ytre Arna sokn:

26.03: Kyrkjelydshuset ..... kr. 2.639,-  
02.04: Bergen Sønd.skolekr. kr. 2.054,-

### Møter

#### Ytre Arna bedehus:

11.05: Bibeltime v/Arvid Arne.  
17.05: Fest. Talar: Arnfinn Haram.  
21.05: Samtalemøte.  
05.06: Bønemøte.

#### Haugland bedehus:

02.05: Bønn- og vitnemøte.  
17.05: Fest kl. 18.30.  
30.05: Samtalemøte.  
05.06: Møte kl. 11.00.

#### Betania:

01.05: Y-ungdom.  
04.05: NLM.  
07.05: NLM. Søndagsskule.  
11.05: Nattverdmøte.  
14.05: HIM. Eva Bognøy. Innsamling til Betania.  
17.05: BUF. 17.-maifest.  
21.05: NLM. Søndagsskuletur til Wallemtunet.  
25.05: Kr. Himmelfartsdag. Venestemne.  
28.05: Y-ungdomstemne.

#### Neste nummer av kyrkjelydsbladet vert eit jubileumsskriv. «Kyrkja i våre bygder gjennom 1000 år.»


Det vert utvida og i fargar. Vi er takksame om du kan vera med å finansiera det. Dersom du ikkje alt har betalt kontingent, så kan du «spe på» litt ekstra. Elles er vårt postgironr. 0805 31 04445.

**Redaksjonsnemnda**

# KFORUM ARNA

Tirsdag  
9.mai  
kl.19.30


Velkommen!



Tema:


KRISTENDOMSKUNNSKAP ELLER  
ET FELLES VERDIFAG?

v/l. amanuensis ved Lærarakademiet  
Gunhild Hagesæther.



Tirsdag 6. juni

BLÅTUR/BILREBUSLØP



KVINNER I ALLE ALDRE ER HJERTELEG VELKOMMEN.

### Velkomen til FAMILIELEIR på Alvøra Misjonssenter Larvik i Ytre Sogn 7.-11. juli 1995

Leiarar er familiane:  
Elisabeth og Stein Oltedal  
Rigmor og Ingvald Frøyen  
Kari og Geir Paulsen  
Eline Sandnes og Per Røyset

ARR.:  
Det Norske Misjonsselskap  
Bjergvin Bispedømmeråd



# ARNA GRAVFERDSBYRÅ

Espeland



**Kåre Bj. Hope**

**Tlf. 55 24 08 08 - Mobil tlf. 945 01504**

Står til teneste med alt ved dødsfall

## SAMDALS

BYRÅ  
JONSVOLLSGATEN 1

**90 19 80 hele døgnet**

*Kommer også hjem for samtale.*

**J. Teigland tlf. privat: 55 24 22 23**



**KIRKENS  
SOS**

Treng du nokon  
å snakka med?

Ring 32 32 00  
frå klokka 19 til 07  
alle dagar  
eller mellom klokka 10 og 14  
måndag til fredag.

**RUTH STEPHANSEN**

SONETERAPEUT NFS  
Soneterapi Øreakupunktur



Moldalia 28 B  
5230 Espeland  
Tlf: (55 24 00 83)

## Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i **Arna**  
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og  
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT

**55 32 55 50**

**Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris**

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, Boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaktør: Magne Mestad.

Redaktørnemnd: Klara Ulveseter, Asle Reigstad og  
Magne Mestad.

Bladpengar: Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 0805 31 04445.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Ytre Arna.

## BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomstertlf.

**55 24 25 95**



5260 Indre Arna

## Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,

konsernt- og forsamlingslokaler.

**Espeland Gartneri**

5230 ESPELAND, TLF. 55 24 08 09  
ARTHUR HOPE

## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, kon-  
firmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna - Telefon 55 24 04 96

*Froydis*  
SALONGEN

Garnesveien 41 · Indre Arna

**Tlf.: 55 24 00 68**

Stedet for moderne og  
fagmessig hårdesign

Dame • Herre • Brudepynting

Fagkunnskap gir  
trygghet



10% for pensjonister alle dager.



**Din lokale  
storbank  
i Arna!**

**K KREDITKASSEN**

Filial Arna - tlf. 55 24 05 20

Vi reparerer alle typer  
husholdningsapparat.  
Monterer TV-antenner,  
også TV 2.

**Litangen  
Husholdningsservice,  
Garnes  
Telefon 55 24 02 87**



# Velkommen til kyrkje

- 30. april** *2. s. e. påske - Joh. 10, 11-16*  
**Arna kl. 11.00.** Bibelskulelærer S.M. Heitmann. Nattverd. Keryx tek del. Takkoffer til Bibelskolen på Bildøy. Dåp. Kyrkjekaffi. Video frå bryllup i Afrika.  
**Trengereid kl. 11.00. KONFIRMASJON.** Nese. Rodal. Takkoffer til Trengereid bedehus.  
**Ytre Arna kl. 11.00. KONFIRMASJON.** Kap. Trygve Johansen. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- 01. mai** *Off. høytidsdag — Luk. 6, 36-38*  
**Ytre Arna kl. 10.00.** Prost Nese. Takkoffer til Kristne arbeideres forbund.
- 03. mai** **Arna kl. 19.00. SAMTALEGUDSTENESTE.** Rodal/Nese.
- 04. mai** **Arna kl. 19.00. SAMTALEGUDSTENESTE.** RODAL/Nese.
- 07. mai** *3. s. e. påske — Joh. 16, 16-22*  
**Arna kl. 10.00. KONFIRMASJON. Indre Arna.** Nese/Rodal. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
**Arna kl. 12.15 KONFIRMASJON. Lone.** Nese/Rodal. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
**Ytre Arna kl. 11.00. KONFIRMASJON.** Kap. Trygve Johansen. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
- 08. mai** **Arna kl. 17.30.** Bekransing av minnesmerket over dei falne v/Martin Risøy.
- 08. mai** **Arna kl. 18.00. FREDSGUDSTENESTE.** Olav Hagesæther. (Prest i Arna under krigen). Nese/Johansen. Arnavågen Musikklag, Trengereid Songlag og Arne Sangforening tek del.  
Fredsfest i kyrkjelydshuset etter gudstenesta.
- 14. mai** *4. s. e. påske — Joh. 16, 5-1*  
**Arna kl. 12.15. KONFIRMASJON GARNES.** Prost Kjell Nese og kateket Erik Rodal. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
Takvam kl. 10.00. KONFIRMASJON. Prost Kjell Nese. Takkoffer til Takvam kapell.  
**Ytre Arna kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE.** Kap. Trygve Johansen. Takkoffer til Bjørgvin Bispedømmeråd. Song av «Småspurven».
- 17. mai** **Arna kl. 11.30. FESTGUDSTENESTE.** Kap. Trygve Johansen. Takkoffer til Arna Søndagsskulelag. Korps tek del.  
**Ytre Arna kl. 10.00. FESTGUDSTNESTE.** Prost Kjell Nese. Takkoffer til Stiftinga «Kyrkja i Noreg tusen år.»  
**Trengereid kl. 10.00. FESTGUDSTNESTE.** Takkoffer til Trengereid søndagsskulelag.  
**Takvam kl. 10.30. Samlingsstund i kapellet.**  
**Lone kl. 10.00. Andakt. Kap. Trygve Johansen.**
- 21. mai** *5. s. e. påske — Joh. 16, 23b-28*  
**Arna kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE.** Studentprest Ivar Smedsrød. Dåp. Kyrkjekaffi. Takkoffer til Santalmisjonen.
- 24. mai** **Arna kl. 12.00.** Skulegudsteneste for yrkesskulen i samband med 1000 årsjubileet for kyrkja i Norge.